

Foreininga Arbeidshestens Årsmøte

Søgne vgs. 7/11 2009



- 1.Val av møteleiar: Ynskje Kaldheim
- 2.Val av referent: Dag Kyrre Lygre
- 3.Val av to medlemmer til å skrive under protokollen: Arild Tohn og Sissel Skogland
4. Godkjenning av årsmøteinnkallinga: Godkjent.
5. Godkjenning av årsmeldinga: Godkjent.
6. Godkjenning av rekneskap: Godkjent.
 - Ynskje om meir detaljert rekneskap til neste år, t.d. utgifter til arrangement.
 - Ynskje om å få sjå førre års rekneskap for å ha noko å samanlikne med.

7. Val

Leiar:	Øystein Lien	vald for 1 år.
Styremedlemmer:	Jens Peder Nielsen og Egil Kaldheim	valde for 2 år.
Vara medlemmer:	Arild Tohn og John Eidsmo	valde for 1 år.
Representant til stiftelsen Norsk Hestesenter:	Øystein Lien	
Vara representant:	Annette Kirkestuen	

8. Årsmøtesaker:

Endring av vedtektene, slik at årsmøteinnkalling skal skje skriftleg, anten i blad eller i eige brev. Forslag til endring avslått. Grunn: i realitet likt eksisterande vedtekter.

Benkeforslag: endring av vedtektene slik at skriftleg innkalling skal skje med minst 6 vekers varsel. Forslag til årsmøte må vere innkomne 3 veker før årsmøtet tek til. Innkomne forslag vert då lagt ut på heimesida.

Forslag frå Steinar Ståland:

Til nå har Foreninga Arbeidshesten vert drevet på frivillig basis med til dels stor dugnadsiver av foreningens medlemmer. Dette har for så vidt fungert greit, men vi opplever en synkende medlemsmasse og at mange sentrale medlemmer brenner seg ut og går lei.

Det framkommer av og til kritikk frå medlemmene av foreningens virksomhet og mangle på interessante artikler i medlemsbladet, mangel på oppdateringa av hjemmeside, forhold ved avviking av tevlinger o.s.v. Dette kan oppfattes som urettmessig kritikk av de som står på og gjør en kjempejobb for foreninga, kritikken burde heller rettes mot de som ikke gjør noe!

FA har de siste åra hatt ca. 3-400 medlemmer, men med den økende hesteinteressen i hele landet burde potensialet for antall medlemmer være mye større. Men da må vi bli mer proffe, utgi et bedre blad, bedre hjemmeside, bedre medlemservice, og skal vi fortsette å holde NM i brukshest, skogshest og pløying så kreves det en profesjonalisering av tevlingsene. Jeg tror ikke at en kan forvente eller forlange at noen med frivillig og ubetalt innsats skal kunne yte mer for foreninga enn det som gjøres i dag.

Derfor mener jeg at foreninga bør vurdere å ansette en sekretær i deltidsstilling til å ta seg av: vanlige sekretær oppgaver, kassererfunksjon, redaktørjobb eller i det minste bidra med mer stoff til medlemsbladet, oppdatere hjemmeside, og fungere som sekretær under tevlinger.

Jeg tror at kostnadene med å ansette en sekretær vil bli dekt inn av økende medlemsmasse og at det kan rettferdiggjøre en økt kontingent når medlemmene ser at de får mer igjen for medlemskontingenten.

Jeg foreslår at årsmøtet gir det nye styret i oppgave å utrede dette fram til neste årsmøtet og komme med et forslag til om vi skal ansette en sekretær, og tilfelle hvordan det praktisk og formelt skal gjøres.

Veggli 5.11.09
Steinar Ståland

Forslag einstemmig vedtatt.

Medlemsskap i FECTU – vedtatt. Styret bør arbeide for å skaffe oversetjar for publiseringa av interessante artiklar. Evt. kjøpe inn tenesta.

Kalender

- Øystein: umogleg å få med alle arrangement så lang tid på førehand. Vil føre til meir rot og vere uoversiktleg.
- Samarbeid med landslaget for Dølahest. Dei utgjev i dag ein kalender med mykje bra.
- 2 sider med halvt år på kvar side. Midtside i bladet! Ta kontakt med alle hestelag for arrangement.
- Kalenderen på heimesida må fungere.

Saka utsetjast til neste årsmøte.

Brukshest riding

- Delte meiningar. Viktig med brukshest riding, men alle stader er ikkje klar for å arrangere det.
- Forslag om at lag/organisasjonar søker styret om å få arrangere det.

Vedtak: Det skal arrangerast NM i brukshest riding, pløying, skogskøyning og brukshest køyring kvart år. Det vert opp til styret å vurdere kvar og korleis desse skal arrangerast.

Korleis få fleire medlemmer?

- Profilering på arrangement.
- Gjere forskjell på medlem/ikkje medlem i start avgift o.l. ved arrangement.
- Betre/ ny heimeside.
- Dele ut blad ved arrangement.
- Godt blad er viktig: fagartiklar, stemne resultat med bilete av vinnarar, og juniorar.

Samarbeid med FKF, eller gje ut eige blad?

Vedtak: fortsetje samarbeid. Spørje om nokon i Trøndelag vil bidra med bladet?

Neste årsmøte

- Forslag på Dyrsku'n til neste år.
- Årsmøte bør vere ein stafett som går som ei utfordring mellom fylkeslaga. Styre må syte for at det er realisme i det.

Vedtak: Det skal utarbeidast kriteria for arrangering av årsmøte.

Forslag frå Sissel E. Skogland

Jeg foreslår at styret arbeider med å lage konkrete planer og rammeverk rundt utdanning og godkjenning av funksjonærer og dommere til de forskjellige konkurransegrener som foreningen avholder.

Disse utdanningsplaner legges fram for årsmøtet 2010.

Forslag vedtatt.

For årsmøtet
Sekretær
Dag Kyrre Lygre